

Infomevi

Eg takkar for muligheiten til å kommentere på forslaget til nye språkpolitiske retningslinjene. Dei er ei forenkling frå dei gjeldande retningslinjene og på mange måtar betre. Eg vil peike på nokre punkt:

Det står at unntak frå norsk som undervisningsspråk må vere fagleg grunngjeve. I mange tilfelle, for eksempel ved mitt institutt, er dette ikkje fagleg grunngjeve, men eit ressurspørsmål. Vi har ofte rett og slett ikkje tilgang på undervisarar som kjenner seg språkleg kompetente til å undervise på norsk. Det vil slike tilfelle vere byråkratisk meirarbeid å be om forankring på fakultetet for noko som ikkje er ei fast ordning. Det vil vere betre å få tilgang til virkemiddel som gjorde det lettare å få til norsk i undervisninga.

Omgrep som «hovudregel» er vagt og fritar institutt frå ansvar for å sjå til at norsk vert brukt mest mulig i undervisning. Ein regel kan vere eit utgangspunkt, men fråvikast, gjerne i dei fleste situasjonar.

Det er ikkje tydelege ansvarlege roller i desse reglane. Dette opnar for ulik praksis, der det vert opp til den enkelte leiar å følgje opp. Ulikt språkleg engasjement og kompetanse vil kunne bidra til at UiB framstår som språkleg rotete. Språkval og -kvalitet vil ofte få lågare prioritet og dermed mindre ressursar.

Eit hovudinstrykk er at universitetet vil vere forsiktig med tydelege krav og meir kraftige virkemiddel for gjennomføring av språkpolitikk.

Med venleg helsing,

Bjørnar Tessem

Instituttleiar, Institutt for informasjons- og medievitskap

Studentparlamentet

Innspill/Submission

Innspill til høyring om den nye språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen

Studentparlamentet ved UiB takker for muligheten til å komme med innspill til den nye språkpolitikken ved UiB. Dette er et tema som studentene og Studentparlamentet har vært opptatt av de siste par årene. Språk er jo mye mer enn bare språk, og derfor synes vi at dette er høyst aktuelt.

Vi er enige i høringens mål om å bevare og styrke bokmål og nynorsk som akademiske språk. Vi er også enige i høringens hovedpoeng om viktigheten av å bruke, utvikle og styrke norsk fagspråk og terminologi, og at UiB har et særlig ansvar for nynorsk i høyere utdanning. Vi støtter nesten all politikk og alle tiltak som er lagt frem i høringsnotatet, samt hovedpunktene i utkastet.

Vår eneste bekymring rundt den nye språkpolitikken handler om hvordan den kan påvirke UiBs overordnede mål i strategien for 2026–2030 om at UiB skal være blant Europas fremste universiteter, internasjonalt kjent for høy kvalitet i forskning og utdanning. Selvfølgelig mener vi at det er mulig både å bevare våre to skriftspråk, videreutvikle norsk vitenskapelig terminologi og samtidig være blant Europas fremste universiteter, internasjonalt

kjent for høy kvalitet i forskning og utdanning. Dette bør være et mål for UiB, og punktene i høringsutkastet legger i stor grad til rette for dette.

Likevel kan enkelte av kravene gjøre UiB mindre attraktivt for noen av de beste forskerne og doktorgrads søkerne, for eksempel dersom tidshorisonten er for kort til å lære seg språket, eller dersom enkelte forskere ikke er interessert i å lære seg et nytt språk.

En annen ting det bør tas høyde for, er mangfoldsperspektivet. Det er enklere for noen enn for andre å lære seg norsk, blant annet avhengig av hvilket språk man har som morsmål, og hvilken språkfamilie dette tilhører. For personer med et morsmål som ligger langt fra de germanske språkene, kan det være mer krevende å lære seg norsk. Et likt språkkrav kan derfor i praksis slå ulikt ut for ulike forskere. Her mener vi at det bør være rom for å utøve skjønn der det er mulig.

Innspill/Submission

Det medisinske fakultet takker for oversendelsen av utkast til nye språkpolitiske retningslinjer. Retningslinjene fremstår som gode og gjennomarbeidede. Det medisinske fakultet har ikke endringsforslag eller ytterligere kommentarer til utkastet.

politikk og forvaltning Høringsuttalelse fra Institutt for politikk og forvaltning – forslag til revidert språkpolitikk ved UiB

Institutt for politikk og forvaltning takker for muligheten til å gi innspill til forslaget om revidert språkpolitikk ved Universitetet i Bergen.

Instituttet støtter de overordnede målene i forslaget. Universitetet har et viktig ansvar for å utvikle og vedlikeholde norsk fagspråk og samtidig være en internasjonalt ledende forsknings- og utdanningsinstitusjon. Etter vårt syn gir forslaget et godt grunnlag for å ivareta begge disse hensynene.

Vi mener likevel at enkelte deler av retningslinjene med fordel kan presiseres og videreutvikles for å gjøre dem mer anvendelige i praksis og bedre tilpasset den internasjonale virksomheten ved universitetet.

Parallellspråklighet bør konkretiseres

Forslaget slår fast at UiB skal ha en «medviten parallellspråkleg praksis», men sier lite om hvordan dette prinsippet skal omsettes i den daglige virksomheten. Parallellspråklighet som et sentralt prinsipp vil ha begrenset verdi dersom det ikke ledsages av tydeligere forventninger til hvordan norsk og engelsk skal brukes i ulike deler av universitetets virksomhet.

Vi anbefaler at retningslinjene utdyper hva parallellspråklighet innebærer i praksis, når det gjelder undervisning og forskningsseminarer, møter, administrativ kommunikasjon og formidling. Dette vil bidra til en mer forutsigbar og enhetlig praksis på tvers av fakulteter og institutter.

Støtte til prinsippet om akademisk frihet i valg av forskningsspråk

Vi støtter formuleringen om at forskere og forskningsmiljøer har frihet til å velge det språket som best tjener forskningsformålene. Dette er et viktig prinsipp. Retningslinjene bør derfor tydeliggjøre at utviklingen av norsk fagspråk først og fremst bør skje gjennom undervisning, utarbeidelse av læremidler, forskningsformidling og samfunnskontakt, heller enn gjennom føringer for vitenskapelig publisering. Innen statsvitenskap er internasjonal publisering en grunnleggende forutsetning for forskningskvalitet, internasjonalt samarbeid og faglig utvikling. Etter vårt syn er en aktiv utvikling av norsk fagspråk fullt forenlig med dette, men forutsetter en reell parallellspråklig praksis (jf. punktet over).

Inkludering av internasjonale ansatte

UiB er et internasjonalt universitet. Internasjonal rekruttering er avgjørende også innen samfunnsvitenskapene. Vi støtter kravet om at fast vitenskapelig ansatte skal oppnå norskkompetanse innen tre år. Dette forutsetter imidlertid at universitetet tilbyr tilstrekkelige ressurser, fleksible opplæringstilbud og nok tid til språkopplæring innenfor ordinær arbeidstid.

Et annet viktig moment er at retningslinjene bør omtale hvordan internasjonale ansatte skal kunne delta fullt ut i universitetets faglige og demokratiske fellesskap i perioden før de behersker norsk. Dersom norsk skal være administrasjonsspråk, bør det samtidig legges til rette for at sentrale dokumenter, informasjon og møter kan gjøres tilgjengelige på engelsk når dette er nødvendig for å sikre reell deltakelse og medvirkning på alle nivåer.

Doktorgradsutdanningen

Forslaget omtaler i liten grad doktorgradsutdanningen. Etter vårt syn er dette en mangel.

Doktorgradsutdanningen er i stor grad internasjonal. Mange doktorgradskandidater og veiledere har internasjonal bakgrunn. Avhandlinger skrives i stor grad på engelsk, og forskningsseminarer og også disputaser gjennomføres svært ofte på engelsk. Samtidig har universitetet et ansvar for at kandidater som blir værende i norsk akademisk sektor eller norsk arbeidsliv generelt, utvikler et norsk fagspråk.

Vi anbefaler derfor at forskerutdanningen omtales eksplisitt i retningslinjene som et område der parallellspråklighet må praktiseres på en måte som både ivaretar internasjonal kvalitet og bidrar til utviklingen av norsk fagspråk.

Kunstig intelligens og ny språkteknologi

Forslaget omtaler ikke hvilken rolle kunstig intelligens og digitale språkverktøy skal spille i universitetets språkpolitikk. I dagens situasjon fremstår dette som en betydelig mangel.

Maskinoversettelse, språkstøtte og kunstig intelligens er blitt en viktig del av arbeidshverdagen for mange, både studenter og ansatte. Denne typen verktøy kan bidra til å styrke språkkompetansen, lette integreringen av internasjonale medarbeidere og kanskje også gjøre det enklere å utvikle og vedlikeholde norsk fagspråk.

Vi mener derfor at retningslinjene bør anerkjenne ny språkteknologi som en ressurs, men også som et område som krever bevisst styring. Vi oppfordrer universitetet til å utvikle prinsipper for ansvarlig og kvalitetsbevisst bruk av slike verktøy i forbindelse med revisjonen av språkpolitikken.

Avsluttende bemerkning

Instituttet støtter hovedretningen i de foreslåtte språkpolitiske retningslinjene. Vi mener samtidig at retningslinjene vil bli styrket dersom de konkretiserer hvordan

parallelspråklighet skal praktiseres, tydeliggjør hvordan internasjonale ansatte skal inkluderes i universitetets faglige og demokratiske fellesskap, omtaler doktorgradsutdanningen eksplisitt og tar høyde for den betydningen kunstig intelligens har for språkbruk i forskning, undervisning og administrasjon.

Med vennlig hilsen
Anne Lise Fimreite
instituttleder

Charlotte Lillefjære-Tertnæs
administrasjonssjef

Høyringsvar frå HF: Utkast til språkpolitiske retningslinjer for UiB

Det humanistiske fakultet takkar for høvet til å kommentere utkastet til språkpolitiske retningslinjer ved UiB. Utkastet har vore sendt til einingane på fakultetet. Samtlege har gitt tilbakemeldingar. Desse tilbakemeldingane omfattar både utkastet, samt at det er krevjande å nå breitt ut til organisasjonen når dei tilsette avviklar sommarferie.

Universitetet i Bergen er eit internasjonalt breiddeuniversitet med stor regional betydning på Vestlandet. Samstundes som UiB skal leggje til rette for studiar, forskning og karriereutvikling i eit internasjonalt perspektiv, skal ein også skjøtte eit ansvar på nasjonal og regional basis. Vi oppfattar at dei språkpolitiske retningslinjene tydeleg balanserer desse målsettingane.

Med ansvar for Språksamlingane, utvikling og drift av ordbøkene i samarbeid med Språkrådet og hovudansvar for det NFR-finansierte Fagspråksenteret, har UiB eit særleg ansvar med tanke på forvaltning og utvikling av norsk språk og fagspråk. Som den største kunnskapsinstitusjonen på Vestlandet vil UiB også vere særleg viktig med tanke på røkting og utvikling av nynorsk i utdanning og forskning. Også på dette punktet må ein balansere mellom tilrettelegging for internasjonal mobilitet og nasjonale kompetansekrav. Vi oppfattar at utkastet tar høgde for dette, men vi registrerer også at vi har mottatt signal om at denne balansegangen kan vere krevjande. Her blir det særleg viktig å ha gode operative løysingar for å følgje opp forskriftsfesta krav om kompetanse i norsk for internasjonalt tilsette. Forskrifta i seg sjølv er ikkje på høyring, men er ein premiss for kunnskapsbasert språkpolitikk og praksis. Dette vil UiB kunne følgje opp gjennom målretta bruk av kompetansemiljø og tilbod som allereie finst på UiB.

Vi støttar at det så tydeleg er slått fast at «Hovudspråket ved UiB er norsk», og at både «nynorsk og bokmål er administrasjons- og arbeidsspråk ved UiB». Ein må då sjå kravet om at «Alle fast tilsette i ordinære undervisnings- og forskingsstillingar skal ha norskferdigheiter på nivå B2 seinast innan tre år etter tilsettinga», både i lys av forskriftsfesta krav og i lys av desse overordna prinsippa.

Språkkompetanse på dette nivået (B2) vil i høve til gjeldande rammeverk seie at ein «kan delta i samtaler med et relativt spontant og flytende språk [og] skrive klare, detaljerte og argumenterende tekster om et vidt spekter av emner». Om ein skal vedlikehalde eit funksjonelt universitetsdemokrati med norsk som arbeidsspråk, vil norskkompetanse på dette nivået vere ein føresetnad. Internasjonalt tilsette skal ha like gode moglegheiter til å vere aktive medlemmer av universitetsdemokratiet som dei som har norsk som førstespråk. Dette føreset då ikkje berre krav til språkkompetanse, men like mykje tilbod om relevant «kurs og opplæring». Vi støttar at retningslinjene set tydelege krav til UiB i rolla

som arbeidsgivar, men det er også relevant å tydeleggjere at her også finst eit element av «ansvar for eiga læring». Når dette er slått fast som grunnleggande prinsipp, er det også relevant å understreke at «Oppfølginga av språkpolitikken er eit leiaransvar på alle nivå». Med tanke på oppfølginga av retningslinjene bør ein gjennomtenke kva dette vil seie i praksis. Eit leiaransvar «på alle nivå» kan i verste fall føre til ansvarspulverisering og ulike praksisar dersom ein ikkje er tydeleg på kva som ligg i eit generelt «ansvar for eiga læring».

Presiseringar

Det viktigaste punktet som bør presiserast gjeld korleis ein i praksis vil følgje opp kravet til at «Alle fast vitenskaplege tilsette i ordinære undervisnings- og forskningsstillingar skal ha norskerferdigheiter på nivå B2 seinast innan tre år etter tilsetjing». Dette kravet er altså forskriftsfesta og ikkje i seg sjølv eit spørsmål for diskusjon. Dette kompetansekravet vil også liggje til grunn for tilsette som skal søke opprykk i vitenskaplege stillingar på linje med forskriftsfesta krav til utdanningsfagleg kompetanse. Det er altså ikkje berre i arbeidsgivars interesse å utvikle ein god praksis for dette kompetansekravet, men i høg grad også eit spørsmål som er viktig for internasjonalt tilsette og deira karrieremoglegheiter i Noreg.

Heilt konkret føreslår vi at retningslinjene definerer dette kompetansekravet til at tilsette har gjennomført og godkjent UiB sitt Norskurs på trinn 3. Dette kan operasjonaliserast slik:

- Norskkompetanse tilsvarende nivå B2 kan dokumenterast gjennom bestått eksamen på UiB Norskurs trinn 3 (NORU3).

Dersom ein ikkje presiserer korleis dette kravet kan dokumenterast internt på UiB, vil ein komme i ein situasjon der internasjonalt tilsette kan møte krav om å dokumentere språkkompetanse gjennom eksterne prøveordningar som Bergenstesten (Folkeuniversitetet) eller Norskprøven utvikla for innvandrarakar med plikt til å ta norskprøve (HK-dir). UiB har over lang tid utvikla norskurs for å dekke UiB sine lokale behov, og Norskurs trinn 3 er innretta som eit kurs på B2-nivå. Vi meiner avgjort det er i dei tilsette si interesse at dokumentasjon av språkravet skjer lokalt på UiB gjennom Norskurs som allereie er innretta for dette.

Det vil vere ein klår fordel om det er samsvar mellom dei språkpolitiske retningslinjene og det nye reglementet for tilsetjing og opprykk.

Ein bør også vurdere om det er hensiktsmessig å nemne «studentar og tilsette» som ein samla kategori når det gjeld kursing for «naudsynt språkkompetanse». Her er det ulike krav til studentar og tilsette. Det gjeld også ulike krav til norske studentar og studentar på innveksling frå utlandet. Språkløva set overordna krav til bruk av norsk språk, men krava for tilsette i høgare utdanning er presiserte i Universitets- og høgskulelova. Ein kan då med fordel lenke til UH-lova i kulepunkt 5 under «Overordna prinsipp».

Innspel frå einingane

Det humanistiske fakultet er samansett, og dei ulike einingane har ulike syn med tanke på språklege retningslinjer. Vi viser derfor til innspela frå institutta, samla i sak 26/5520, som vedlegg til høyringssvaret frå HF.

AHKR gir generell støtte til utkastet, men meiner krava til bruk av nynorsk og bokmål må følgje av Språkløva og ikkje overskride dette.

FOF gir generell støtte til utkastet, men reiser spørsmål til kva som kan gjelde som fagleg grunn til unntak frå hovudregelen om at undervisning på bachelornivå skal skje på norsk. FOF stiller òg spørsmål til følgjene av at moglege unntak skal forankrast på fakultetet og ikkje på instituttet.

IF gir støtte til hovudlinjene i utkastet, men meiner prinsipielt at ein kan understreke korleis UiB som kunnskapsinstitusjon verdset «den språklege rikdommen som den vitskapleg og administrative staben og studentane ved UiB representerer». Under overskrifta «Administrasjon» meiner IF det er uklart kva som ligg i at «ei eining skal ha namn som dekker dei to målformene» i Noreg. IF ønsker også at ein bør presisere kva som skal vere hovudfokus i Språkpolitisk utval. Dei føreslår at hovudfokus for kommande periode bør vere «kurs og opplæring for tilsette som er tilpassa deira kvardag med forskning og undervising».

LLE gir generell støtte til utkastet og understrekar at det er positivt at Språkpolitisk utval skal rapportere årleg til Universitetsstyret. LLE har fått eitt svar frå ein av sine internasjonalt tilsette som argumenterer for at internasjonalt tilsette bør få tilrettelagt arbeidstid for deltaking på norskkurs.

Med venleg helsing
Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Fagspråksenteret

Bergen, 14. august 2026

Høyringsvar frå Fagspråksenteret på Reviderte språkpolitiske retningslinjer for UiB

Me viser til høyringsbrev frå universitetsleiinga, datert 18. juni 2026, om utkast til nye språkpolitiske retningslinjer for UiB. Fagspråksenteret støttar hovudretninga i revisjonen, men meiner at fleire formuleringar i utkastet representerer ei utilsikta svekking av UiB sitt ansvar for norsk fagspråk, terminologiutvikling og språkleg tilrettelegging for studentar og tilsette.

Me observerer at grad av presisjon varierer i revidert forslag til retningslinjer. Under Overordna prinsipp, 3. kulepunkt, gir utkastet til nye retningslinjer att forskrifta si ordlyd om krav til norskkunnskapar. Utkastet gir derimot ikkje att ordlyden i UiBs forskrifter om krav til parallellspråkleg samandrag i alle ph.d.-avhandlingar, noko som er med i gjeldande retningslinjer under Forsking og formidling.

Under Utdanning, 3. kulepunkt slås det fast at UiB tek ansvar for å vidareutvikle norsk fagspråk og terminologi. Dette punktet er svært vagt og seier mindre enn gjeldande retningslinjer (pkt. 8). Me foreslår at retningslinjene eksplisitt seier at fagmiljøa skal gjere relevant terminologi tilgjengeleg for studentane og bidra til deling gjennom Termportalen, noko som er i tråd med forarbeidet til UH-lova og Handlingsplanens tiltak 10.

Under Overordna prinsipp, 5. kulepunkt heiter det at UiB skal tilby kurs og opplæring til både

studentar og tilsette slik at dei oppnår «naudsynt språkkompetanse». Her meiner me det vil vere bra å skilje mellom studentar og tilsette, t.d. ved hjelp av underpunkt, sidan desse to gruppene ikkje er omfamna av dei same reglane (tilsette er omfatta av kvalifikasjonskrav for undervisnings- og forskingsstillingar i Universitets- og høyskoleforskriften). Uttrykket «naudsynt språkkompetanse» kan òg tolkast breiare enn det som kanskje er intensjonen. Det står mykje på spel for tilsette som skal oppfylle kvalifikasjonskrava. Det bør derfor inn i retningslinjene noko som eksplisitt forklarar korleis tilsette kan dokumentera B2-kravet, evt. ei lenkje e.a. som viser til staden der dette står eksplisitt.

UiB sine språkpolitiske retningslinjer bør ha eit eige punkt retta mot studentar, til dømes under overskrifta Utdanning. Slik teksten står no, er det uklart om retningslinjene viser til utvekslingsstudentar, som berre er ved UiB i ein avgrensa periode og som ikkje har møtt norskkrav gjennom Samordna opptak, eller om dei òg omfattar ordinære studentar ved UiB. Dette er ei viktig avklaring, sidan dei ordinære studentane utgjer fleirtalet, og sidan UiB har eit ansvar for å leggje til rette for at desse studentane kan gjennomføre studia sine. Det er godt dokumentert at studentar med norsk som andrespråk ofte har behov for språkleg støtte gjennom studieløpet.¹ Språklege støttetiltak undervegs i studieløpet bør derfor sjåast som eit viktig gjennomføringstiltak. Me tilrår derfor at retningslinjene får eit eige punkt om språkleg støtte og språkkompetanse for studentar, både for studentar med norsk som andrespråk og for internasjonale studentar som skal lære norsk.

Det er positivt at det under Utdanning slås fast at norsk framleis skal vere hovudspråket i undervisninga ved UiB. Samstundes meiner me at det å ta ut målet om pensumlitteratur på norsk vil kunne svekkje, snarare enn styrkje, norsk fagspråk. Det vil òg kunne føre til at UiB tek mindre ansvar for å bidra til utvikling av norskspråklege læremiddel.

Under Forsking og formidling er ambisjonen om å oppretthalde norskspråklege vitenskaplege tidsskrift tatt ut. Dette samsvarer dårleg med dei rammene og føringane som ligg i Handlingsplanens tiltak 12 og den nyleg utvida tidsskriftordninga i HK-dir. Ordninga skal sikre drift av opne norskspråklege vitenskaplege tidsskrift for alle fagfelt, ikkje berre humaniora og samfunnsvitenskap, slik ho gjorde tidlegare. Etter vårt syn bør UiB sine språkpolitiske retningslinjer støtte opp under denne nasjonale satsinga, ikkje signalisere ei svekking av ambisjonen om å halde oppe norskspråklege vitenskaplege publiseringskanalar.

Det er svært positivt at retningslinjene under Gjennomføring og oppfølging no legg opp til

eit tydelegare leiingsansvar med plan om rapportering og organisatorisk oppfølging av språkpolitikken. Innhenting av informasjon for å kunne følge utviklinga på dei ulike delområda for retningslinjene vil vere ein god føresetnad for auka kvalitet i UiBs fagspråklege kommunikasjon både internt og eksternt.

Beste helsing

Fagspråksenteret

Marita Kristiansen Ann-Kristin Helland Gujord

UNIVERSITETSMUSEET Høyringssvar fra Universitetsmuseet - språkpolitiske retningslinjer for UiB

Universitetsmuseet støtter hovedlinjene i forslaget til nye språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen. Vi mener retningslinjene legger godt til rette for å styrke norsk som hovedspråk ved UiB, samtidig som de ivaretar behovet for internasjonalt samarbeid og en bevisst parallellspråklig praksis.

Kommentar til avsnittet «Forskning og formidling»

Museet vil understreke betydningen av at digitale samlinger, databaser og andre kunnskapsressurser ses som en del av universitetets språkpolitiske arbeid. Språkbruk i slike systemer er viktig for utvikling og vedlikehold av norsk fagspråk. Dette kan gjerne synliggjøres under avsnittet om forskning og formidling.

Kommentar til avsnittene «Overordna prinsipp» og «Gjennomføring og oppfølging»

Til slutt støtter museet ambisjonen om gode norskferdigheter blant vitenskapelig ansatte. Samtidig er det viktig at retningslinjene følges opp med tilstrekkelig språkopplæring og praktisk tilrettelegging, særlig i fagområder der internasjonal rekruttering er avgjørende.

Universitetsmuseet støtter for øvrig forslaget til nye språkpolitiske retningslinjer.

Med vennlig hilsen

Kari Loe Hjelle
museumsdirektør

Wenche Karin Førre
underdirektør

PSYKOLOGISK FAK

Intern høyring - språkpolitiske retningslinjer for UiB

Vi viser til invitasjon i brev av 18. juni der det bes om innspill til utkast til nye språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen. Vi har bedt om innspill fra våre enheter og har diskutert utkastet med instituttlederne.

Fakultetet stiller seg bak utkastet slik det er utformet av arbeidsgruppen, med følgende innspill:

Når det gjelder kravet om at alle tilsatte i forskerstillinger skal ha norskferdigheter på nivå B senest innen tre år etter tilsetning, så er det viktig å sikre at dette henger sammen med retningslinjer for ansettelser og opprykk.

I forlengelsen av dette punktet er det skissert at UiB skal tilby kurs og opplæring som legger til rette for at studenter og tilsatte kan tilegne seg nødvendig språkkompetanse, med utgangspunkt i språklige rettigheter som er fastsatt i språkloven. Den enkelte har ansvar for egen læring. Her har vi diskutert hva som blir konsekvensene (og virkemidlene) hvis kravene ikke oppnås? Hvilke virkemidler vil en ha på institutt- eller fakultetsnivå? Vi mener videre at det er viktig å presisere hvilket nivå som skal sørge for tilrettelegging; UiB, fakultet eller institutt?

Under utdanning så skisseres det at UiB skal kunne tilby engelskspråklige studieprogram og emner på engelsk. Her mener vi at det trengs en presisering av hva som er formålet med dette punktet; er det pålagt å skulle tilby engelskspråklige program til internasjonale studenter? Og skal dette gjelde på program- eller emnenivå?

Med vennlig hilsen

Stine Lehmann
dekan

Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen
fakultetsdirektør

Høyringsfråsegn frå Det juridiske fakultetet

Det juridiske fakultetet takkar for høvet til å gje innspel til utkast til språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen.

Fakultetet stiller seg i hovudsak bak dei verdiane, måla og prinsippa som kjem til uttrykk i utkastet. Retningslinjene synleggjer på ein god måte universitetet sitt ansvar både som internasjonal forskingsinstitusjon og som ein sentral kunnskaps- og kulturberande institusjon med ansvar for å utvikle og halde oppe norsk fagspråk.

For Det juridiske fakultetet er språk og fag i særleg grad tett samanvovne. Juridisk forskning, undervisning og rettsbruk byggjer på tolking og bruk av språklege uttrykk, omgrep og normer. Presis

språkbruk er derfor ikkje berre eit middel for formidling av fagleg innhald, men ein del av sjølve kunnskapsgrunnlaget i faget.

Vedlikehald og vidareutvikling av norsk juridisk terminologi er ein føresetnad for at rettsvitskapen skal kunne fylle sine oppgåver i utdanning, forskning og samfunnsliv. Fakultetet støttar derfor tydeleg ambisjonen om å bruke, utvikle og styrkje norsk fagspråk, samstundes som ein legg til rette for internasjonalisering og bruk av engelsk der dette er fagleg tenleg.

Fakultetet støttar prinsippet om ein medviten parallellspråkleg praksis. Samstundes vil vi peike på at parallellspråklegheit ikkje berre handlar om å opne for bruk av fleire språk, men også om å sikre at norsk framleis er eit fullverdig språk for forskning, undervisning, formidling og administrasjon.

I ei tid der internasjonal publisering og internasjonalt samarbeid spelar ei stadig større rolle, er det viktig at ansvaret for å oppretthalde norsk fagspråk ikkje i praksis blir lagt på den enkelte forskar åleine. Dette krev langsiktig institusjonell merksemd og prioritering.

Fakultetet støttar at oppfølging av språkpolitikken blir definert som eit leiaransvar på alle nivå. Samstundes meiner vi det er viktig å understreke at språkkompetanse byggjast over tid, og at universitetet må sikre tilstrekkelege ressursar til språkopplæring og praktisk tilrettelegging dersom ambisjonane i retningslinjene skal kunne realiserast.

Fakultetet saknar ein omtale av kunstig intelligens og maskinomsetjing i retningslinjene. Slike verktøy er allereie blitt ein naturleg del av kvardagen innan forskning, undervisning, administrasjon og formidling, og vil få aukande betydning i åra framover.

Maskinomsetjing og generativ kunstig intelligens kan bidra til å redusere språklege barrierar og styrkje inkluderinga av internasjonale studentar og tilsette. Samstundes reiser teknologien spørsmål knytte til kvalitet, presisjon, personvern og ansvarleg bruk. I juridisk samanheng er dette særleg viktig fordi sjølv små språklege nyansar kan ha stor rettsleg betydning.

Utviklinga av kunstig intelligens understrekar også kor viktig det er å halde oppe og vidareutvikle norsk fagspråk. Dersom norsk terminologi og norsk fagleg diskurs blir svekka, vil også datagrunnlaget for framtidige språkmodellar og digitale verktøy bli svakare. Fakultetet meiner derfor at kunstig intelligens og maskinomsetjing bør omtalast som ein del av den framtidige språkpraksisen ved UiB, og at universitetet bør leggje til rette for kunnskapsbasert og ansvarleg bruk av slike verktøy.

Fakultetet er positivt til etableringa av eit språkpolitisk utval og til at det blir etablert faste rutinar for oppfølging av retningslinjene. Vi vil samstundes peike på at rapporteringskrav og innhenting av data frå fakulteta bør avgrensast til informasjon som er nødvendig for å kunne følge opp språkpolitikken på ein meningsfull måte. Ambisjonane må stå i eit rimeleg forhold til ressursbruken.

Fakultetet vil også peike på at følgjande formulering er uklar:

«Bidra til at kvalitet og omfang på UiBs språkopplæringstilbod blir vurdert kvar andre krav.»

Det er uklart kva som er meint med «kvar andre krav». Dersom intensjonen er at tilbodet skal evaluerast jamleg, bør formuleringa presiserast, til dømes ved å nytte «annakvart år» eller «med jamne mellomrom».

Fakultetet stiller spørsmål ved om det er behov for å etablere ei eiga årleg språkpris. Vi deler ønsket om å synleggjere gode språkpolitiske tiltak ved universitetet. Samstundes inneber både identifisering av kandidatar, vurderingsarbeid og utdeling av prisar bruk av administrative ressursar. Det bør derfor

vurderast om formålet kan oppnåast gjennom eksisterande prisordningar eller andre former for synleggjering og anerkjenning.

Dersom ein vel å opprette ei eiga språkpris, bør formålet vere tydeleg avgrensa og verdien av ordninga vurderast jamleg.

Avsluttande merknad

Det juridiske fakultetet meiner samla sett at utkastet gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med språkpolitikken ved Universitetet i Bergen. Retningslinjene synleggjer viktige språklege verdiar og understrekar universitetet sitt ansvar for å vidareutvikle norsk som akademisk språk.

For rettsvitskapen er dette arbeidet av særleg betydning. Språk er ikkje berre eit reiskap for formidling av juridisk kunnskap, men ein grunnleggjande del av faget sjølv. Dette gjer at arbeidet med norsk fagspråk, parallellspråklegheit og språkleg medvit har stor verdi både for universitetet og for samfunnet som universitetet tener.

Med venleg helsing
Peter Arnold Ståhl Woldseth
avdelingsdirektør

Nina Østensen
seniorrådgjevar

Svar fra Fakultet for naturvitenskap og teknologi. Intern høring - språkpolitiske retningslinjer for UiB

Fakultetet takker for mulighet til å komme med innspill til utkastet til nye språkpolitiske retningslinjer. Saken ble sendt til avdelingene i fakultetsadministrasjonen og til instituttene for innspill.

Fakultetet stiller seg bak det meste av forslaget, men har noen konkrete innspill når det gjelder undervisningsspråk.

Utdanning

Vi støtter formuleringen om at undervisning i obligatoriske emner på bachelorstudium som hovedregel skal være på norsk. Emner som ligger mot slutten av bachelorprogram tas ofte av utvekslingsstudenter (Erasmus mm) og bør i slike tilfeller gis på engelsk. Vi mener at dette bør nevnes i retningslinjene.

Fakultetet har i sine utfyllende regler til Studieforskriften en formulering som tar høyde for dette behovet. Vi mener at det hadde vært enda bedre om det hadde vært forankret sentralt.

Utfyllende regler til § 6-4

Studieprogram kan ha undervisning på engelsk i ein del av emna, til dømes fordi læringsutbytteskildringa på eit program visar at studentane skal lære seg engelsk fagspråk eller fordi emna skal undervisast til internasjonale studentar. Unntak på emne krev fagleg grunngeving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

Fakultetet mener i tillegg at både studieforskriften og de språkpolitiske retningslinjene med fordel kan omtale hva som er hovedregelen på masterutdanningen. Ved mange av fakultetets fagmiljøer er engelsk hovedspråket for undervisning på masternivå som følge av internasjonale fagmiljø og rekruttering av internasjonale studenter. Det kan derfor være hensiktsmessig å presisere at undervisning på masterstudier kan foregå på engelsk, samtidig som norsk fagspråk ivaretas og utvikles.

Andre merknader til retningslinjene:

Administrasjon

- 2. punkt: Her kan man kanskje presisere at det gjelder kommunikasjon på alle nivå i organisasjonen. For eksempel når det sendes ut relevant informasjon fra fellesadministrasjonen må dette sendes ut på både norsk og engelsk.
- 4. punkt: Det bør være et tilbud på både bokmål og nynorsk. Tidligere fantes det for eksempel et tilbud om nynorsk for administrativt ansatte med utenlandsk bakgrunn.

Gjennomføring og oppfølging

- 2. underpunkt under 1. hovedpunkt: Formuleringen «Bidra til at kvalitet og omfang på UiBs språkopplæringstilbud blir vurdert kvar andre krav» skal antakelig slutte med «... annakvart år» og det skal sikkert være et egent kulepunkt.
- 5. underpunkt under 1. hovedpunkt: «språk mentorordningar» er en orddelingsfeil. Det bør være «språkmentorordningar» eller «mentorordninger for språkbruk» eller lignende.

Med vennlig hilsen

Bianca Cecilie Nygård

seksjonssjef

Ingrid W. Solhøy

seniorrådgiver

Vedlegg

Kopi til

Parat

Høyring om utkast til nye språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen

Vi viser til høyringsbrev om utkast til nye språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Bergen med høyringsfrist 14. august.

Parat UiB meiner UiB har gjort et godt arbeid med retningslinjene, men vi meiner det er behov for ytterlegare tilrettelegging, for å motivere framandspråklege nytilsette til raskare å kome i gang med norskopplæringa. Det er viktig at tidspunktet for norskkurs må komme tidlig nok til at det ikkje skal kollidere med undervisninga.

Overordna prinsipp

- UiBs språkpolitikk er utforma innanfor rammene av UiBs strategi, språklova og universitets- og høgskulelova med forskrifter, samt den nasjonale handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia.

- Hovudspråket ved UiB er norsk.

- UiB har eit særleg ansvar for nynorsk i høgare utdanning. Både nynorsk og bokmål er administrasjons- og arbeidsspråk ved UiB, og dei skal nyttast i eit tilnærma likt omfang over tid.

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk. Engelsk er det primære ikkje-skandinaviske språket.

- UiB skal ha ein medviten parallellspråkleg praksis, der norsk og engelsk kan brukast side om side utan at norsk blir fortrengt

- Alle fast vitenskaplege tilsette i ordinære undervisnings- og forskingsstillingar skal ha norskferdigheiter på nivå B2 seinast innan **to** år etter tilsetjing.

- **Alle faste ansatte skal seinast innen 3 år etter tilsetting, være på eit nivå i norsk, der dei kan gjennomføre alle oppgaver tillagt stillinga, for å unngå større arbeidsbelastning blant dei andre tilsette**

- UiB skal tilby kurs og opplæring som legg til rette for at studentar og tilsette kan tileigne seg naudsynt språkkompetanse, med utgangspunkt i språklege rettar som er fastsette i språklova, og den einskilde sitt ansvar for eiga læring.

- **Det bør tilretteleggast for at alle fast vitenskapelige tilsette i ordinære undervisnings- og forskingsstillinger kan ha noko mindre undervisning i sitt første semester for å frigjere tid til norskopplæring**

- Norsk kurs skal gi uttelling i arbeidspliktregnskapet
- Oppfølginga av språkpolitikken er eit leiaransvar på alle nivå.



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Ingar Myking

Vår referanse

26/54324

Dato

19.08.2026

Innspill fra KMD vedrørende nye språkpolitiske retningslinjer ved UiB

Vi viser til brev av 18.06.2026 og takker for muligheten til å gi innspill til nye språkpolitiske retningslinjer ved UiB. Saken har vært diskutert i fakultetets ledergruppe.

Fakultetet stiller seg bak utkastet slik det er utformet, men ønsker at det i oppfølging og implementering av ny språkpolitikk også utarbeides rammer og retningslinjer både for gjennomføring av opplæring og hva som er konsekvensene av at enkeltforskere ikke oppnår krav til norskkompetanse innen frist (jf. retningslinjer for ansettelse og opprykk). Ved KMD ser vi at denne utfordringen særlig kan gjøre seg gjeldende for ansatte i 50 % stilling.

Med vennlig hilsen

Eli Neshavn Høie
avdelingsdirektør

Vidar Lidtun
underdirektør

Postadresse

Universitetet i Bergen
Fakultet for kunst, musikk og design
Postboks 7800
N-5020-BERGEN

E-post:

post@uib.no

Organisasjonsnummer

874 789 542

Saksbehandler

Vidar Lidtun
Telefon: +47 55587317
Mobil: +47 90666365
E-post: vidar.lidtun@uib.no